

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassenummer 137/564	
11.03.2013	
Ark. saknr. 2011/1125	Løpenum
Sakst. LISISY.	Tilgangskode

Alversund, 8. mars 2013

### Klage på siktsoner ved utkjørsel

Vi viser til Dykkar brev av 30.01.2013 og all tidlegare korrespondanse i saka heilt tilbake til 30. mai 2011.

De har i siste brev gjeve undertekna, og Silvilombudsmannen, melding om at «i løpet av 2 veker (frå 30.01.13) vert det sendt ut brev til dei eigedomane det gjeld». Vi kan ikkje pr. dags dato sjå av postlista til kommunen at brev er utsendt. Det er overraskande om kommunen ikkje held dei fristar dei sjølv gjev overfor undertekna og ikkje minst Silvilombudsmannen.

Det er snart to år sidan vi tok opp saka første gang om muren hjå naboen som skapar ein svært trafikkfarleg utkjørsel frå vår eigedom. Vi ba om strakstiltak frå kommune si side for å løyse situasjonen. Framleis har det ikkje skjedd noko betring av siktsona.

Vi ber nå om ei snarleg tilbakemelding om kor saka står. Dersom brev er sendt ut til eigedommar i Ikenberget, ber vi om kopi av desse. Vi forventar nå at kommunen snarleg får løyst saka. Om det ikkje vert tilfelle, vil undertekna be Silvilombudsmannen handsama vår klage på kommunen. Vi vurderer også å engasjere advokat i saka.

Helsing

  
Børge Brundtland

Ikenberget 25 A

5911 Alversund

Tlf. 41 16 39 08

  
Merete Brundtland

Kopi: Silvilombudsmannen, Postboks 3 Sentrum, 0101 Oslo